

Vitnemål – fråtrekk av fráværtdagar

Når det gjeld føring av frávær, viser me til *Forskrift til Opplæringslova § 3-41* som seier:

§ 3-41. Føring av frávær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt frávær førast på vitnemålet. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande frávær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert frávær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær som skyldast helsegrunnar må vere meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværtdag.

0 Endra ved forskrift 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010).

Punkt b) viser til *Opplæringslova § 2-11* som seier:

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Kommentar til Opplæringslova § 2-11:

Denne paragrafen gjeld **alle** elevar.



Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad **rett til** permisjon.

Andre elevar/foreldre kan dessutan søkje om permisjon og få innvilga denne når opplegget er forsvarleg. Denne type permisjon dreier seg ofte om feriereiser. Skulen vil presisere at det også for denne typen permisjon kan søkjast om å trekkja fráværet frå på vitnemålet.

Kommentar til Opplæringslova § 3-41:

Regelen om fråtrekk av fráværds dagar vart gjort gjeldande frå 1.august 2009.

Det kan søkjast om fråtrekk av **10 fráværds dagar for kvart skuleår**. Gjeld fráværet sjukdom, lyt det vera dokumentert av **lege**.

Det er foreldra sitt ansvar å søkje om fråtrekk av fráværds dagar.

Sidan eventuelle fråtrekk skal registrerast i skulen sitt administrasjonsprogram, har skulen sett **1. juni som søknadsfrist**. Berre når fráværet skjer i juni, ser ein bort frå denne fristen.

Det kan **berre** søkjast om fråtrekk av fráværds dagar **for inneverande skuleår**.